

EIT BEREKRAFTIG VESTLAND

BLÅTT HAV – GRØNT VESTLAND – LYS FRAMTID



Toppkandidat Natalia Golis. Foto: Calle Huth

FYLKESPROGRAM FOR MDG VESTLAND 2019 - 2023

FOR MENNESKER OG MILJØ miljøpartiet
de grønne

INNLEIING

VÅR VISJON FOR SAMFUNNET

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil skapa livskraftige lokalsamfunn tufta på livskvalitet, nyskaping og fellesskap. Målet vårt er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse, eit samfunn der me kan leva gode liv utan å øydeleggja for andre. Økonomien skal vera underordna sunne, økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt.

Me skal bidra til at fylket og Noreg når sine klimamål i samsvar med Paris-avtala. I tillegg skal Vestland fylke vera eit føregangs fylke for å nå FN sine berekraftsmål. Vestland skal verta eit nullutslepps fylke, og levera i samsvar med 1,5-gradersmålet.

Me skal syna at overgangen fra fossil til grøn, fornybar energi, nullutsleppstransport og grønt næringsliv skapar nye arbeidsplassar og levande regionar.

Me vil skapa livskraftige lokalsamfunn, som i stor grad er basert på lokale ressursar. Dette er ein føresetnad for å kunna klara overgangen til fornybarsamfunnet.

KVIFOR SKAL DU STEMMA PÅ DEI GRØNE NO?

Noreg står føre eit vegskille, der langsiktig tryggleik, fridom og velferd for alle står på spel. Miljøpartiet Dei Grøne skal vera kompromisslause i alle saker som gjeld klima og miljø.

FN sine berekraftsmål skal vera grunnlaget for alt me gjer, me skal syna politisk mot og uredd gjennomføra den politikken me går til val på.

Me har som mål at Vestland skal verta det første nullutslepps fylket i Noreg. Dette skal me bidra til gjennom å satsa på kollektivtrafikk, med fornybar energi og med støtte til grøn næringsutvikling.

Dei Grøne vil stø dei som har idear og pågangsmot til å skapa nye, grøne arbeidsplassar og vil vera ein pådrivar for berekraftige næringsklynger, til dømes innan programvareutvikling, informasjonsteknologi, havvind, bølgjekraft, geotermisk energi og teknologi for å redusera utslepp, samt annan nyskapande grøn teknologi.

Grøn politikk er meir enn klima og miljø. Dei Grøne har ein politikk som vil byggja levande lokalsamfunn der færre er einsame og der me har meir tid til vene og familie. Barna skal kunna leika trygt ute, og sykla til skulen i frisk luft. Me skal framleis kunne gå tur i gamal skog, og fiska i fjorden. Hava våre skal ikkje fyllast med plast og annan ureining. Me vil skapa eit Noreg som kjemper mot klimaendringar, som bidreg til at færre vert drivne på flukt og som sikrar gode liv også for dei som kjem etter oss.

Me vil gjera det enkelt og billig å velja miljøvenleg, uavhengig av kvar du bur. Me treng ein økonomi som spelar på lag med naturen, ikkje mot den. Difor vil me i Dei Grøne jobba for ein betre delingsøkonomi og sirkulær økonomi, der gjenbruk og deling mellom menneske aukar.

FN SINE BEREKRAFTSMÅL

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, strida mot ulikskap og stogga klimaendringane innan 2030. Det er tiltak for å skapa nokre felles utviklingsmål for alle lokalsamfunn i alle land.

MDG har bidrige til å sikra at den nye regionen Vestland skal leggja FN sine berekraftsmål til grunn for all utvikling.

Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, og handlar om å finna ein god balanse mellom menneske, miljø og økonomi. Tanken bak tredelinga er at miljøutfordringane ikkje kan løysast utan tilstrekkeleg omsyn til økonomiske og sosiale tilhøve.

I tillegg er gjennomføringsevna vår avhengig av vår evne og vilje til samarbeid, både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Ein sterk region vil kunne vera ein garantist og pådrivar for samarbeid. Skal me nå FN sine berekraftsmål, må me også kunna måla og evaluera resultata våre. Dette vil krevja samarbeid og ein administrasjon med relevant kompetanse og nok ressursar.

Dei tre berekraftperspektiva heng saman og avhengjer av kvarandre. Dette har me i Dei Grøne lagt til grunn, og vårt arbeidsprogram for 2019-2013 speglar dette.





DEL 1: BIOSFÆREN: MILJØ OG LIVSGRUNNLAGET VÅRT

Berekraftsmål 13: Stogga klimaendringene

Korleis skal me nå målet om fossilfritt fylke innan 2030 - og verta eit nullutslepps fylke innan 2040?

Me står overfor ei enorm klima- og miljøkrise. Me er på full fart mot den sjette masseutetryddinga i kloden si historie, og også i Noreg mister me nye artar kvart år. Dårleg arealforvaltning er eit hovudtrugsmål mot naturen, og sameeins unødvendig, ureinande infrastruktur som gjer at me i tillegg slitt med luftkvalitet, støy og tap av grøne lunger og viktige rekreasjonsområde

Verdas klimagassutslipp må halverast dei neste 12 åra. Men i røynda aukar dei framleis globalt. Noreg må kutta meir enn andre land, med lågare utslepp.

For å stogga den globale oppvarminga ved 1,5 grader og slik unngå endå meir dramatiske konsekvensar, må me gå gjennom ei omstilling av historiske dimensjonar. Denne kursendringa må skje i kommunane og fylka, som sit med mykje lokalkunnskap og som kan setja handling bak mange naudsynte tiltak. Dette gjeld i like stor grad kompetanse til klimaomstilling. Me ynskjer difor å kjemep for å utvida fylkeskommunen sitt ansvar og mynde, i tråd med dei nasjonale føringane for regionreformen.

Ein god miljø- og klimapolitikk skal gjennomsyra alle område i politikken. Dei Grøne vil at fylket sin klimaplan skal vera overordna all planlegging og for alle vedtak i fylket. På denne måten blir omsyn til klima, miljø og auka livskvalitet til innbyggjarane styrande for politikken.

PLAST OG FORSØPLING AV HAV OG VASSDRAG

Plastforsøpling er eit stort problem, og fylkeskommunen skal ta større grep mot dette. Det er viktig for Dei Grøne at våre vedtak skal ta utgangspunkt i kunnskap, og det må hentast inn meir kunnskap om plast, berekraftige erstatningar, gode ordningar for resirkulering og avfallshandtering, slik at me kan velja gode, langsiktige løysingar. Samstundes ynskjer me at fylkeskommunen skal gå føre med eit godt døme, og kutta ut all bruk av eingangsplast som ikkje er naudsynt, samt unngå innkjøp av varer med unødvendig plastemballasje.

Miljøpartiet De Grønne Vestland vil:

- Sikra at fylkeskommunen blir leiande innan energiøkonomisering og bruk av fornybar energi.
- Prioritera miljø- og klimavenlege løysingar ved oppføring av fylkeskommunale nybygg.
- Leggja vekt på klima- og miljøomsyn ved offentlege innkjøp.
- Satsa meir på Miljøfyrtårn, slik at fleire verksemder, organisasjoner og offentlege etatar vert sertifiserte gjennom ordninga.
- Stilla strengere krav til utslepp av miljøgifter før ein kan godkjenna utslepp, og arbeida for lågare utslepp.
- Arbeida for at heile bilparken til Vestland fylkeskommune skal vera nullutsleppskøyretøy.
- Stilla el-sykler til disposisjon for fylkeskommunalt tilsette til bruk på korte tenestereiser.
- Prioritera det biologiske mangfaldet når politiske avgjersler skal takast.
- Stø rydding og vedlikehald av strandsoner og vassdrag.
- Seia nei til utleige av fylkeskommunale område til sirkus med eksotiske dyr.
- Finna gode, langsiktige løysingar gjennom å henta inn meir kunnskap om plast, berekraftige erstatningar og gode ordningar for gjenvinning og avfallshandtering.
- Kutte all unødvendig bruk av eingangsplast i fylkeskommunal verksemd.
- Stø tiltak for opprydding av plast.

FRAMTIDAS ENERGI

Klimakrisa er også ei global energikrise. Trangen for rein energi i framtida er enorm, og Noreg har gode føresetnader for å bidra, ikkje minst gjennom utvikling av ny teknologi, gjennom satsing på storstila havvind, geotermisk energi og bioenergi. Kompetansen og erfaringane Noreg har frå olje- og gassindustrien er ei føremon me må bruka aktivt inn i ei grøn omstilling.

Tida for dei store vasskraftprosjekta er over, og vindkraft på land kan innebera store inngrep i både urørt natur og friluftsområde.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Føra ein restriktiv politikk når det gjeld utbygging av vindkraft på land.
- Gå imot utbygging av vindkraft i Stølsheimen og andre viktige, sårbare naturområde i fylket.
- Føra ein restriktiv politikk når det gjeld utbygging av ny vasskraft.
- Stø prosjekt som utvikler fornybar, grøn energi.
- Fjerna all oljefyring og bruk av gass i fylket innan 2020.
- Stø utviklinga av havvind-prosjekt.

KLIMAKUTT I VESTLAND FYLKE I TRANSPORTSEKTOREN

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Jobba for fossilfri kollektivtrafikk innan 2025 i heile Vestland fylke.
- Innføra nullutsleppsferjer og -hurtigbåtar i heile fylket innan 2025.
- Sikra nullutsleppsløysing på transport mellom Bergen og Askøy.
- Syta for tilstrekkeleg med ladepunkt og fyllepunkt for hydrogen for tungtransport i heile fylket; med trinnvis ferdigstilling innan utgangen av 2023.
- Syta for tilstrekkeleg med infrastrukturpunkt for el-bil og hydrogenbil i heile fylket innan utgangen av 2021.
- At alle hamner i fylket over ein viss storleik skal tilby landstraum innan 2022.
- Ha eit mål om at 80 % nybilsal i fylket skal være nullutsleppsbilar og ha fossilfri intern drift av fylket innan 2025. Dette gjeld energi, transport, personbil, i tillegg til bygg- og anleggsverksemd.
- Bidra til at Vestland fylke tek ei aktiv rolle i og legg til rette for satsing på el-fly i regionen.

DEL 2: SAMFUNN

Berekraftsmål 11: Berekraftige byar og samfunn



VIDAREGÅENDE OPPLÆRING

Ein god oppvekst er avgjerande for korleis vaksenlivet blir. Borna og dei unge treng trygge, føreseielege rammer rundt kvardagen sin. Samstundes treng dei fridom og mangfald til å utvikla dei ulike ressursane hjå kvar og ein.

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer ein god og mangfaldig vidaregåande skule. Den offentlege skulen skal vera berebjelken, med ikkje-kommersielle private skular som eit viktig supplement.

Elevar er ulike og lærer på ulikt vis. Difor må den vidaregåande utdanninga tilpassast betre til den enkelte eleven. Dette gjeld uavhengig av kor lågt eller høgt læringspotensial eleven har.

Dei Grøne har tillit til fagfolk, og vil gje lærarane større fridom til å forma skulekvardagen. Me vil sikra valfridom for elevane og spre dei gode skulane i heile regionen. Fritt skuleval skal som hovudregel gjelda ved valet til vidaregåande skule, men me vil samstundes arbeida for at elevar skal få moglegheit til å gå på sin nærskule.

Me ser på nedgangen i tilbod på og talet på vidaregåande skular i distrikta som ei utfordring. Vestland MDG ynskjer at heile regionen skal ha eit godt tilbod innan vidaregåande utdanning. I spreittbygde område med avgrensa elevgrunnlag bør fylket prioritera attraktive tilbod, gjerne grøne liner knytt til bruk av lokal kultur, natur og til næringslivet.

Få snakkar om korleis ein kan betra situasjonen til høgt presterande elevar i skulen. Me meiner det er viktig å sikra alle elevar god opplæring tilpassa eleven sine behov. Difor ynskjer me å arbeide for auka samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar for å sikra høgt presterande elevar sin moglegheit til utvikling og til eit hurtig skuleløp på vidaregåande utdanning, med studiespesialisering på to år.

Miljøpartiet dei Grøne Vestland vil:

- Fjerna unødvendig rapportering og testing i skulen og gje lærarane meir tid og fridom til å forma skulekvardagen.
- Arbeida for billegare/gratis skuleskyss til elevar i vidaregående utdanning.
- Sikra god tilrettelegging for å kunna nytta sykkel som transportmiddel til skulen. Syta for sykkelstativ, - garderobe og/eller tørkerom på alle videregåande skular i fylket.
- Arbeida for ei ordning med skriftleg eksamen før 17. mai.
- Oppretta eit ombod for bortebuande elevar for å syta for at elevar under 18 år har ein tilstrekkeleg god busituasjon, og arbeida for tiltak som kan gje dei eit betre tilvære medan dei bur heimefrå.
- Utvikla spesialiserte skular innanfor ulike felt, til dømes realfag, kultur og idrett.
- Gjera det enklare og rimelegare for elevar som ynskjer å ta delar eller heile utdanningsløpet i utlandet.
- At fellesskapen mellom innføringsklassar og ordinære skuleklassar må verta tettare.
- Sikra god tilgang på hjelpemiddel for å gje elevar med særskilde behov like stor moglegheit til å velja utdanning.
- Styrka det gode arbeidet som vert gjort på produksjonsskulane, og vidareutvikla dette tilbodet i fylket.
- At elevråda ved skulane skal styrkast, og at dei skal ha ein reell rett til å påverka avgjersler.
- At elevar skal få betre informasjon om sine rettar og plikter, og større moglegheit til å klaga dersom rettighitetene deira ikkje vert ivaretakne. Den vidaregåande skulen pliktar å læra opp elevane i elevrettar i byrjinga av skuleåret.
- Sikra elevar sin rettstryggleik, til dømes ved narkorazzia.
- Auka samarbeidet med universitet og høgskular slik at høgtpresterande elevar får moglegheit til utvikling på eigne premiss, og til studiespesialisering på to år.
- Styrka skulebiblioteka, og sikra god tilgang til skulebibliotekarar.

FRÅFALL OG PSYKISK HELSE I VIDAREGÅANDE SKOLE

Den vidaregåande skulen på Vestlandet har ei utfordring med fråfall blant elever. Fråfallet frå vidaregåande utdanning skjer særleg på yrkesfagleg utdanning. Me vil arbeida for å senka fråfallet blant elevar på vidaregående utdanning. Det er til dels store variasjonar mellom ulike skuler og distrikt, og det ligg eit potensial i å læra av dei skulane som har minst fråfall.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Styrka rådgjevingstenesta i skulen, og vurdera ulike former for kurs og vidareutvikling av rådgjevarar i vidaregåande utdanning.
- Arbeida for at det skal tilsetjast fleire miljøarbeidarar ved vidaregåande skular i fylket.
- Auka talet på tilsette psykologar og helsejukepleiarar, slik at dei unge får tilgang til skulehelsetenesta når dei treng henne.
- Gje større moglegheit for individuell tilpassing og alternativ undervisning med kombinasjon av praktiske og teoretiske fag
- Auka samarbeidet mellom kommunar og fylket, for å sikra betre kontinuitet mellom grunnskule og vidaregåande utdanning.
- Tilby gratis leksehjelp på skolene for elevar som treng det.
- Garantera for elevar sin moglegheit til å kunna ta fag som privatist.
- Oppretta ein uavhengig klageinstans for mobbesaker.
- Gje alle elevar tilbod om ein gratis time med psykolog i løpet av vidaregående opplæring.
- Vurdera å innföra gjennomgåande P|P-teneste kommune/fylke etter modell frå tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.

YRKESFAG OG PRAKSIS

I dag ser me eit aukande behov for fleire yrkesutdanna, særleg innanfor helsesektoren. Fylkeskommunen er nøydde til å prioritera meir ressursar til yrkesfag, og i større grad satsa på ein vidaregåande skule som kan sikra elevane god utdanning og jobb i framtida. Fylket sine eigne samarbeidspartnarar, organisasjonar og tenester bør i større grad forpliktast til å ta imot lærlingar. Det må sikrast at alle elevar får ein lærepass, og oppfølginga av lærlingane må styrkast, gjerne gjennom dei ulike opplæringskontora.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Vidareføra, utvikla og utvida programmet for teknisk allmennfag (TAF).
- Ha eit nært samarbeid med næringslivet for å leggja til rette for liner som er betre tilpassa næringslivet og landbruket sine behov, og samstundes auka rekrutteringa til viktige yrker.
- Sikra alle lærlingar lærepass, blant anna gjennom å krevja lærlingsplassar hos leverandørar og hos verksemder som vinn offentlege anbod.
- At dei skal vera meir yrkesrelevant praksisopplæring frå fyrste år på yrkesfaglege program i vidaregåande skule. Praksisen skal skje i samarbeid mellom skule og næringsliv.
- Vidareføre satsinga på opplæringskontora.
- Gjera det enklare for elevar å starta rett i lære etter grunnskulen. Ei utdanning med praksis frå dag ein, kombinert med teori og fagleg oppfølging.
- Opplysa betre om dei alternative vegane for å oppnå fagbrev, og arbeida for å auka statusen til yrkesfag med manglande rekruttering.

HELSE OG OMSORG

Den viktigaste helsepolitikken skjer utanfor helsevesenet. Eit godt, grønt samfunn bygd på naturen sine eigne premiss er god helsepolitikk og bidreg til god helse. Difor vil eit grønt og mangfaldig Vestland også vera eit sunnare Vestland. Me vil bidra til dette gjennom å styrka barne- og ungdomsidretten, gjera det enklare å vera syklist, utvikla gode skular og leggja til rette for meir bruk av naturen. Friluftsliv har påviseleg positiv påverknad både på den fysiske og den psykiske helsa.

Tannhelse er den delen av den tradisjonelle helsetenesta som fylkeskommunen har ansvaret for. Dei Grøne vil prioritera å ha gode tilbod i heile fylket, og sikra tilbodet til svake grupper.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Stø vern og bevaring av eksisterande friluftsområde og nasjonalparkar som eit viktig tilskot til rekreasjon.
- Stø fleire friluftsområde med universell utforming.
- Tilby sunn mat i fylkeskommunale institusjonar, og styrka tilgangen på vegetarisk mat, blant anna ved å innföra ein kjøtfri dag i veka, samt tilby eit fullverdig vegansk alternativ i alle fylkeskommunale organisasjonar og institusjonar.
- Arbeida for at menneske med psykiske vanskar skal kunna få betre og meir tilrettelagt hjelp i sitt nærmiljø, utanfor institusjonar.
- Sikra eit desentralisert tannhelsetilbod for heile fylket.



GRØNT KULTURLIV OG IDRETT

Å skapa og oppleva kultur gjer livet rikare både for den enkelte og for samfunnet. Miljøpartiet Dei Grøne meiner det er viktig å leggja til rette for at alle kan få uttrykka seg og engasjera seg i kulturlivet. Den fylkeskommunale kulturpolitikken må hindra einsretting, og me meiner det offentlege må styrka eit mangfaldig kulturliv gjennom gode støtteordningar. Samstundes må sjølvstendigheita og den frie stillinga til kulturutøvarar ivaretakast.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Trygga mangfold i kulturpolitikken gjennom gode støtteordningar.
- Prioritera barne-, ungdoms- og breiddeidrett.
- Prioritera støtte til friviljuge organisasjonar.
- Stimulera til ikkje-organisert idretts- og kulturverksemd.
- Styrka dei direkte tilskota til profesjonelle kunst- og kulturutøvarar.
- Ivareta gode tilbod innan musikk, dans og drama i vidaregåande skule.
- Vidareföra arbeidet med lokale kulturminneplanar i samarbeid med kommunane.
- Styrka bibliotektilbodet og ivareta gode, distriktsvenlege tilbod, inkludert å oppretthalda og stø bokbåten Epos og liknande tilbod.
- Styrka og utvikla det internasjonale kultursamarbeidet og leggja til rette for utveksling.
- Stø og vidareutvikla tiltak som Den kulturelle skulesekken og spaserstokken.
- Stø utviding av kulturkortet.

LIVSKVALITET OG DEMOKRATI

Me vil skapa ei framtid der mindre stress og mindre forbruks- og prestasjonsjag gjev meir rom for rikare og betre liv. I eit grønt samfunn har me meir tid til kvarande, og auka fridom til å leva meiningsfulle, mangfaldige liv. Heile samfunnet, med helsevesenet og skulen i spissen, må fremma gode liv og moglegheter for alle. Andelen fattige born er veksande i Noreg, og fattige born vert ofte morgondagens fattige vaksne. Problem med skulefråfall, framandgjering, sosial ulikskap og manglende integrering skuldast i stor grad dagens økonomiske strukturar. Me ynskjer å bidra til ein betre kvardag for økonomisk vanskelegstilte menneske.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Leggja større vekt på estetikk ved nybygg i fylkeskommunal regi.



Hardingfele frå ca. 1750, laga av Isak Botnen.

Foto: Anne-Lise Reinsfelt / Norsk Folkemuseum. CC BY-SA 4.0.

- Gjera skular og fylkeskommunale bygningar opne og tilgjengelege for innbyggjarar og organisasjonar ved behov.
- Auka støtta til friviljuge organisasjonar som bidreg positivt til lokalsamfunna.
- Arbeida for auka openheit i fylket sine organ og etatar.
- Gjera det lettare for innbyggjarane å få saker opp til politisk handsaming i fylkespolitkken.
- Oppretta ein digital arena og rettleiingsteneste for innbyggjarinitiativ, slik at det vert lettare for innbyggjarar å koma med innspel.
- Arbeida for å senka stemmerettsalderen til 16 år ved fylkestingsvalg.
- Bidra til at LHBTIQ+-organisasjonar kan driva informasjonsarbeid på vidaregåande skular.
- Arbeida for at fritidsaktivitetar i fylkeskommunal regi skal verta billegare for den enkelte, og stø lag og organisasjonar som bidreg til gode, rimelege og gratis tilbod for born og unge.
- Oppretta ein ekstern, anonym varslingskanal for politikarar, tilsette og innbyggjarar.

DEL 3 - ØKONOMI

Berekraftsmål 9: Innovasjon og infrastruktur og mål, 12: Ansvarlig bruk og produksjon (inkludert mål 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst, og mål 10: Mindre ulikskap)

GRØNT NÆRINGSLIV OG SIRKULÆR ØKONOMI

Eit reelt grønt skifte krev radikale endringar i norsk politikk. Ein grøn økonomi er ein økonomi i balanse med naturen, og det føreset at me forlet det tradisjonelle bruk- og kast-samfunnet til fordel for ein krinslaupsøkonomi der ressursar vert sett i sirkulasjon. Me føra ein politikk som stimulerer tilgangen til produkt og teneste med høgare kvalitet. I tillegg til lågare materielt forbruk, vil dette også gje oss nye moglegeheter til bærekraftig næringsverksemd, til å utvikla nye sosiale nettverk i lokalsamfunna og til å avgrensa økonomisk ulikskap.

Vestlandet har eit kreativt og nyskapande næringsliv, og me i Dei Grøne ynskjer å arbeida for at næringslivet i fylket vert grønare, og meir miljø- og klimavenleg. Det gjelde også reiselivet. Me ynskjer blant anna å stø gründarar og småverksemder som bidreg med innovasjon og berekraftige løysingar. Me meiner at Ungt Entreprenørskap – med strengare retningslinjer som stiller krav til berekraft – kan verta eit godt tiltak for å gje fylket eit grønare næringsliv.

Det er svært mange høgt kompetente arbeidstakrarar, gründarar og verksemder innan olje- og gassindustrien på Vestlandet. Desse dyktige fagfolka vert viktige i arbeidet med å omstilla eit verdsleiane norsk næringsliv i ein grønare retning.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Styrka rådgjevinga for arbeid med klima og klimatilpassing i alle kommunar
- Gje Ungt Entreprenørskap ein tydeleg berekraftsprofil.
- Vri den fylkeskommunale næringslivssatsinga i retning grønt næringsliv, miljøvenlege næringsklynger og ny grøn teknologi.
- Oppretta eit omstillings- og utviklingsfond for å setja fart i arbeidet med å omstilla oljerelaterte næringar.
- Redusera utbygginga på eksisterande matjord.
- Innføra miljø- og klimakrav i anbod i regi av Vestland fylkeskommune, bl.a. gjennom å krevja meir fossilfri og grøn anleggsdrift.
- Gje meir støtte til lokal energiproduksjon på hus, som til dømes solenergi på tak.
- Utvikla ein overordna ladepunktsstrategi (for både drosjar, privatbilar og næringsliv).
- Vidareføra insentivordninga med gratis bompassering for tyngre el-varebil, lastebil og trailer, også når elektriske personbilar vert ilagt bompengar.
- Unnta nullutslepps tungtransport over 3,5 tonn for bompengar i Bergen og i fylket forøvrig.
- Arbeida for ein kraftig avgrensing i talet på cruiseskip og stø prosjekt som gjev meir berekraftig, naturbasert turisme i heile regionen.
- At alle hamner i fylket over ein viss storleik skal tilby landstraum innan 2022.
- Stø kommunar som sjølv ynskjer å innføra turistskatt.
- Sikra at fylket sine regionale utviklingsmidlar bidreg til å styrka og stø næringsliv som arbeider for omstilling til det grøne skiftet og ei berekraftig utvikling.
- Stimulere berekraftige, samvirkebaserte lokale og regionale verksemder som tek utgangspunkt i lokale og regionale ressursar.
- Arbeida for lokal matkultur, blant anna ved å gjera det lettare å selja lokalprodusert mat.
- Fremma nyetablering av verksemder innan gjenbruk, reparasjon og vedlikehald.
- At fylkeskommunen som arbeidsgjevar skal tilby trygge og føreseielege vilkår for tilsette, blant anna gjennom å arbeida mot ufriviljug deltid.

- Fremma forsøk med redusert arbeidsveke og alternative arbeidsordningar i fylkeskommunen.
- Stimulera til byttingar og utlån og deling av ting gjennom digitale løysingar og gjennom fylkeskommunal stønad, og bidra til å oppretta platformer for å gje delinga enklare.

VÅRT FELLES MATFAT- LANDBRUK OG HAVBRUK

LANDBRUK



Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for styrka vern av matjorda. Fylkespolitikken må bidra til økonomisk berekraft i landbruket, til at landbruket kan redusera sine utslepp og til eit levande kystfiske. Det er også viktig for Dei Grøne å arbeida for ei grønare oppdrettsnærings og for meir berekraftig landbruk.

Det bør leggjast til rette for meir nisjeproduksjon av landbruksprodukt og havprodukt, og me vil difor arbeida for eit rikt og variert landbruk og havbruk i heile regionen.

Landbruk er ei viktig næring for Vestlandet, men det er og ei næring med store utfordringar. I store delar av Vestland fylkeskommune vert stadig meir av matjorda liggjande brakk, og jordvernet er på vikande front. Me vil arbeida for at støtta til landbruket vert lagt om, slik at utslepp vert redusert, men inntektsnivået oppretthalde.

Miljøpartiet Dei Grøne vil stansa utbygging på matjord, og arbeida for å sikra vestlandsbonden gode rammevilkår. Me ynskjer å leggja til rette for nye samarbeidsformer som kan gje optimisme i næringa og sikra rekruttering.

Det er eit samfunnsansvar å syta for at maten me et vert dyrka ut frå naturgjevne føresetnader og ressursgrunnlag. Dei Grøne vil styrka lokal matproduksjon og vri landbruket i økologisk retning.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Arbeida for at bioavfall frå havbruk og landbruk skal resirkulerast eller nyttast til biodrivstoff.
- Bidra til betre dyrevelferd gjennom auka merksemd og kunnskap om helse og livskvalitet hjå husdyr.

- Bidra til å kutta og redusera utslepp frå landbruk og havbruk.
- Stø urban matproduksjon og parsellhagar.
- Styrka dei lokale matprodusentane, og arbeida for at fylkeskommunen vert ein pådrivar for meir kortreist mat. Bidra til betre leigevilkår og auka deltaking på bondens marked.
- Betra vilkåra til bønder og fiskarar som ynskjer å selja frå eigen produksjonsstad.
- Seia nei til ny peldsyroppdrett.
- Føra ein langt meir aktiv politikk for å ta vare på artsrikt kulturlandskap, som slåtteenger og beitemarker.
- Følgja opp Vassdirektivet og planane for betre vassmiljø i fylket, for å ta vare på og forbetra vassdrag, og hindra ureining frå forsuring og gylling.
- Stø initiativ for å oppretta lokale og mobile gardsslakteri.
- Arbeida for å gje fylkeskommunen rett til motsegn i jordvernsaker, og for eit styrka jordvern.
- Stansa planting av sitkagran på Vestlandet.
- Stimulera til bevaring av kyst- og fjordlandskapen.
- Fremma økologisk landbruk ved hjelp av fylkeskommunen sine nye oppgåver innanfor landbruk.
- Kjempa for insekta gjennom å leggja til rette for gode habitat for stadeigne artar og for eit generelt auka artsmangfald både i landbruksområde og i byar, til dømes med blomsterengjer på offentlege stader.
- Sikra bevaring av natur- og kulturlandskap i all regional arealplanlegging. Særleg gjeld dette område som fungerer som viktige leveområde for mange insekt, og for samanhangande grøntareal (korridorar).
- Medvirka til auka rekruttering til naturbruk på vidaregåande nivå gjennom å gje auka kunnskap om landbruket og karrieremoglegheiter innan landbruks- og matfag til rådgjevarar lærarar, foreldre og elevar i grunnskulen.
- Stø verksemder som foredlar lokal mat.
- Etablera innkjøpsordningar til offentlege storkjøken som prioriterer lokale produsentar og kortreist mat, med vekt på økologisk mat
- Stø arrangement og tiltak som fremmer økologisk produksjon og forbruk i fylket.

HAVBRUK

Dei vestlandske havområda, fjordane og elvene er verdskjende naturverdiar og viktige lokale ressursar. Fiskerinæringa er ein kulturberar som skal bidra til berekraftig næringsverksemd, arbeidsplassar, lokal matproduksjon og busetnad langs kysten også i framtida. Me vil arbeida for at desse fellesverdiane vert forvalta klokt og langsiktig, og for at fellesskapet skal ha råderett over ressursane i havet.

Oppdrett er den nest største eksportnæringa i Noreg. Samstundes utgjer næringa ei av dei største miljøutfordringane langs kysten vår. Næringa har påført samfunnet store tap i form av ureining av fjordar og økosystem, og er eit trugsmål mot sjøaure og villaks.

Det må stillast klare krav til oppdrettsnæringa som kan hindra ureining av omgjevnadene, rømming og utslepp av lus. Det må også stillast krav til fiskevelferda.

Dei Grøne vil difor sikra lukka anlegg som ivaretok desse omsynane innan 2025. Nye konsesjonar skal vera lukka. Ei berekraftig oppdrettsnæring vil ha eit konkurransefortrinn etetr kvart som forbrukarane i aukande grad etterspør oppdrettsprodukt som er etisk og økologisk sertifiserte.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Arbeida for at forvaltinga av dei nære kyst- og havområda våre vert ein del av fylkeskommunen sitt ansvar og mynde.
- Arbeida for auka rekruttering til fiskaryrket.
- Leggja til rette for fleire lokale fiskemottak i regionen.
- Arbeida for at alle nye oppdrettskonsesjonar skal gjevast berre til lukka anlegg.
- Arbeida for at alle opne oppdrettsanlegg skal gjerast lukka innan 2025.
- Gå imot dumping av gruveavfall i Førdefjorden.
- Arbeida for heving av ubåten utanfor Fedje.

ANSVARLEGE INNKJØP

Vestland fylke skal bruka innkjøpskrav til å levera innan målsetnadene for transport og energi i regionen.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Stilla krav til leverandørar om miljøsertifisering og tiltak for å verta fossilfrie seinast innan 2030.
- Stilla krav om fossilfri bygg- og anleggsverksemd og klimarekneskap for alle nye bygg- og anleggsprosjekt.
- Stilla krav om halvering av matsvinn i eiga verksemd innan 2020.
- Gjennomføra halvering av matsvinn i fylket innan 2022.
- Stilla krav om samfunnsansvarleg og berekraftig utvinning av kobolt, til dømes ved kjøp av batteriteknologi.
- Sikra at fylket jobbar tettare saman med næringslivet for å få på plass ei samfunnsansvarleg, trygg og berekraftig utvinning av kobolt og andre mineral.



Foto: Ingolf (Flickr), CC BY-SA 2.0.

GRØN MOBILITET OG SAMFERDSLE

Vestland fylke er eit stort fylke der mange av innbyggjarane bur spreidd, og der god, trygg og miljøvenleg transport ikkje er tilgjengeleg for alle. Transportsektoren er difor eit særleg viktig tema for fylkespolitikken. Transportsektoren er samstundes ei av dei største kjeldene til klimagassutslepp, ureining, støy og naturinngrep. Dei samla utsleppa frå fossilt drivstoff og støy utgjer eit trugsmål for menneskeleg helse, livskvalitet og velvære, noko luftureininga i Bergen illustrerer. Me må difor sikra rask og innovativ overgang til eit nullutsleppssamfunn for heile regionen.

Me i Dei Grøne meiner et er viktig å ha ulik politikk for byen og på landet. Miljøvenleg transport skal ikkje

vera noko ein berre nyttar seg av i byane. Mange stader i Noreg er ein avhengige av bil eller fly for å koma seg rundt. Me vil leggja til rette for at denne transporten kan skje på mest mogleg miljøvenleg og effektivt vis.

TRYGGE VEGAR I HEILE REGIONEN

Nye vegprosjekt må vulerast ut frå korleis dei skal fungera saman med andre samferdsleløysingar, og slik leggja til rette for bruk av kollektivtransport. Natur- og miljøomsyn må vega tungt ved traséval. Ved bygging av nye vegar bør det også vera eit mål å utvida sykkelvegnettet.

Dei Grøne går imot vegprosjekt som har auka trafikk inn til byane som formål, og vil prioritera utbetring av eksisterande vegar for trafikktryggleik og betre fylt, samt bygging av nye vegar som fører trafikk utanfor sentrumskjerner og bustadområde. Me vil alltid prioritera omsyn til trafikktryggleik og mobilitet for dei mange framfor kostbare, bompengefinansierte og kapasistetsaukande vegar.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Vektleggja natur og miljø ved traséval for nye vegar.
- Prioritera vegprosjekt som gjev auka trafikktryggleik.
- Prioritera vegløysingar som lettar overgangen til kollektivtransport.
- Arbeida for betre løysingar for innfartsparkering.
- Prioritera rassikring for å auka trafikktryggleik, betra tilhøva for næringslivet og sikra trafikkflyten i regionen.

GRØN SAMFERDSLE

God politikk for samferdsle må også vera god miljøpolitikk. Den grøne samferdslepolitikken handlar om å redusera transportbehovet, om å ta i bruk ny teknologi og om å leggja til rette for eit grønt og mangfoldig kollektivtilbod. Vestland MDG vil difor prioritera dei transportmåtane som gjev minst miljøbelastning. Me meiner at ulike samferdslespørsmål må sjåast i samanhang med kvarandre.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Prioritera sykkel, buss og bane framfor privatbilisme og flytransport, særleg rundt og i tettstader i regionen.
- Prioritera vegprosjekt som bidreg til auka trafikktryggleik og til at trafikk vert leia utanom sentrumskjerner og bustadområde.
- Arbeida for bybane i Bergen, heilt fram til Spelhaugen i Fyllingsdalen og til Åsane, og for baneløysingar også elles i bergensregionen.
- Gå imot utviding av flyplassar.
- Byggja ut gang- og sykkelvegar i heile fylket, og for at det skal byggjast ut gang- og sykkelveg ved utbetring og bygging av vegar i fylket.
- Arbeida for lettare overgang mellom ulike kollektivtilbod, og stø ei ordning med felles takstsoner og takstsysten for buss, ferje og tog i heile fylket.
- Arbeia for universell utforming i all offentleg transport.
- Prioritera nullutsleppskøyretøy ved tildeling av drosjeløyve.
- Arbeida for fleire offentlege hurtigladestasjonar for elektriske bilar og arbeida for gode støtteordningar for heimelading. Fleire parkeringsplassar skal reserverast for nullutsleppskøyretøy.
- Arbeida for fleire fyllestasjonar for hydrogen og anna nullutsleppsdrivstoff.
- Arbeida for fleire og trygge sykkelparkeringsplassar.
- Stø elektrifisering og annan nullutsleppsteknologi i all kollektivtransport, inkludert bussar, hurtigbåtar og ferjer.
- Leggja vekt på miljø, klima og nullutsleppsteknologi i anbodskriteria for bussar, hurtigbåtar og annan kollektivtransport.
- Leggja til rette for auka bruk av samkjøring, til dømes gjennom å stø digitale løysingar som gjer det lettare for menneske å samkjøra.
- Utgreia om det er mogleg og nyttig for Skyss å etablira eit "hent meg"-tilbod i kollektivtransporten.
- Jobba for å innføra ein samkjøringsapp for betre og meir effektiv pendling i alle byar og tettstader.

- Arbeida for å få eit pilotprosjekt med sjølvkøyrande bussar i fylket.
- Arbeida for at Vestland skal verta eit pilotområde for kort-distanse elektriske fly.
- Prioritera handikapparkeringsplassar.
- Stø ei utgreiing av lyntog mellom Bergen og Oslo og mellom Bergen og Stavanger, og medlemskap i Lyntogforum.
- Sikra fortgang i oppgradering av bergensbana, blant anna med dobbeltspor til Voss.
- Seia nei til planane for E39 med firefelts veg og bru over Bjørnafjorden og ferjefrie kryssingar over Sognefjorden og Nordfjorden
- Arbeida for å fjerna ekstrasoner på tvers av fylkesgrensene.

DEL 4: PARTNARSKAP FOR Å NÅ MÅLA

Arbeida for å opnna måla gjennom partnarskapavtaler lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt som til dømes klimapartnarar, næringsråd, Innovasjon Norge, inkubatorar og klynger. Me er også opptekne av utstrakt samarbeid på tvers av partigrenser.

Miljøpartiet Dei Grøne Vestland vil:

- Etablera ei felles platform i fylket for oppskaleringa av eksisterande løysingar og satsingar.
- Bruka partnarskap for å nå måla, ikkje berre for å sjå korleis Noreg kan omstilla, men også korleis tilgjengeleg - teknologi og kunnskap kan eksporteraast ut av landet.
- Ha ei aktiv rolle for å vurdera kva for omstillingsprosjekt i utlandet som kan vera aktuelle å følgja opp og laga forprosjekt rundt. Døme på dette er ferjeteknologi, oppdrett, infrastruktur, grøne digitale løysingar, mikrogrid, - berekraftig reiseliv, småbåtar, maritime løysingar, hydrogen, 3D-print, osv.
- Inngå større samarbeid med europeiske regionar og EU-program med tilsvarande satsingsområde og utfordringar.



Foto: Helge V. Keitel, CC BY 2.0.

**miljøpartiet
de grønne**

**FOR
MENNESKER
OG MILJØ**